



Arkivnr: 2014/14018-4

Saksbehandlar: Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til presisering av retningslinjer

Samandrag

Retningslinjene for tilskot er utarbeida på bakgrunn av etablert praksis frå Riksantikvaren. Det er trong for nokre presiseringar i retningslinjene, slik at dei er i tråd med Riksantikvaren sine retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet, justert våren 2016. Presiseringane er òg gjort dels på bakgrunn av at det er behov for å presisere meir tydeleg kva som er premissane i tilskotsordninga, og dels for å redusere unødvendige punkt.

Prosjekt Bryggen starta opp i 2000 og er eit program for sikring og istandsetting av verdsarvstaden. Midlar til Prosjekt Bryggen blir løyvd frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 79. Sidan 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele midlar til istandsetting, sikring og fellesoppgåver. Midlane blir fordelt gjennom tilskotsordninga «Prosjekt Bryggen».

Tilskota blir fordelt årleg, på bakgrunn av søknader for kommande kalenderår. Bygningane som det gis tilskot til, er i privat eige. Tilskotsmottakarane er tiltakshavarar, som har ansvaret for framgangsmåte, framdrift og økonomistyring i tiltaka.

Gjeldande retningslinjer for tilskot vart handsama i sak 21/13 i kultur- og ressursutvalet og vedteken i sak 56/13 i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen fekk mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

I fire saker er det sidan blitt vedteken justeringar og presiseringar for nokre av punkta:

- Sak 106/2013 i kultur- og ressursutvalet / sak 245/2013 i fylkesutvalet.
- Sak 48/2014 i kultur- og ressursutvalet / sak 82/2014 i fylkesutvalet.
- Sak 127/2014 i kultur- og ressursutvalet / sak 247/2014 i fylkesutvalet.
- Sak i 123/2015 i kultur og ressursutvalet / sak 219/2015 fylkesutvalet

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek justeringar for retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen under punkt 1, punkt 6.4, punkt 7, punkt 8.3, punkt 9, punkt 10.2, punkt 10.3 og punkt 11.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningsliner for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen
- 2 Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet
- 3 Prosjekt Bryggen. Retningsliner for tilskot

Fylkesrådmannen, 12.07.2016

Saka gjeld justering av punkt 1, punkt 6.4, punkt 7, punkt 8.3, punkt 9, punkt 10.2, punkt 10.3 og punkt 11 i retningslinene for tilskot frå Prosjekt Bryggen. Justeringane er gjort dels på bakgrunn av at det er behov for å presisere meir tydeleg kva som er premissane i tilskotsordninga, dels for å redusere unødvendige punkt, og dels for at retningslinene skal vere i tråd med dei justeringane som Riksantikvaren har gjort i sine retningsliner våren 2016.

Retningslinene for tilskot i Prosjekt Bryggen slik dei blei vedtekne i sak 219/2015 i fylkesutvalet er lagt ved saka. Retningsliner for dokumentasjon og rapportering for istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen, samt Riksantikvarens retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 – 79, justert våren 2016, er òg lagt ved til orientering.

Saka gjeld nokre justeringar av punkt 1, punkt 6.4, punkt 7, punkt 8.3, punkt 9, punkt 10.2, punkt 10.3 og punkt 11 i retningslinene for tilskot.

Presiseringar som gjeld innretninga av tilskotsordninga

Punkt 1:

Gjeldande formulering:

«1. Føremål

Ordninga gjeld tiltak for sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Målsettinga er å ruste opp Bryggen til eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin høge status og slik at ein kan halde fram skjøtselen med vanleg vedlikehald.»

Justering:

«1. Innretning og føremål

Forvaltninga av offentlege midlar til sikring og istandsetting av bygningane på verdsarvstaden Bryggen er innretta som ei tilskotsordning. Ordninga har som målsetting å ruste opp Bryggen til eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin høge status og slik at ein kan halde fram skjøtselen med vanleg vedlikehald.»

Punkt 8.3:

Gjeldande formulering:

«8.3 Eigendelane som er spesifiserte i punkt 8.1 og punkt 8.2 føreset at utgiftene i det einkilde kalenderåret ikkje overstig den økonomiske ramma som er gitt med tilsegn for det aktuelle kalenderåret.»

Justering:

«8.3 Eigendelane som er spesifiserte i punkt 8.1 og punkt 8.2 føreset at utgiftene i det einkilde kalenderåret ikkje overstig den økonomiske ramma som er gitt med tilsegn for det aktuelle kalenderåret, men tilskotsmottakar har høve til å ha ein høgare eigendel og til å søke om anna finansiering enn tilskot gjennom Prosjekt Bryggen.»

Offentlege tilskot gjennom Prosjekt Bryggen delfinansierer private tiltak, men tilskotsmottakar svarer for totalkostnadene. Tilskotsordninga er eit tilbod, og medfører ikkje ein plikt for offentlege styresmaktene til å dekke dei kostnadene som tilskotsmottakar har.»

Justeringar som gjeld å ta ut unødvendige eller ikkje korrekte punkt:

Punkt 6.4:

Gjeldande formulering:

«6.4 For tiltak under PB-100 Istandsetting er det krav om:

- *At istandsettinga er sett i gong som del av Prosjekt Bryggen.*
- *At det på førehand ligg føre godkjend forprosjekt for istandsetting som er utført i samsvar med spesifiserte retningslinjer definert av Hordaland fylkeskommune og sendt inn innan den gitte fristen. At det på førehand er gjort vedtak av fylkeskommunen om gjennomføring av forundersøkingar og detaljprosjektering, og at forundersøkingane og detaljprosjekteringa blir utført i samsvar med spesifiserte retningslinjer definert av Hordaland fylkeskommune og sendt inn innan dei gitte fristane. Dei gjeldande retningslinjene, i «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen», justerast ved behov av fylkeskommunen.*
- *(.....)»*

Justering:

Det første av kulepunktta under 6.4 takast ut, då kravet i realiteten ligg implisitt i det andre kulepunktet under punkt 6.4.

Punkt 7:

Gjeldande formulering:

«Om søknadar som fyller grunnvilkåra skal bli tildelt tilskot avheng av ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga jfr. pkt. 1. Der blir mellom anna lagt vekt på:

(...)

g) *For nye istandsettingstiltak: Den operative styringsgruppa for Prosjekt Bryggen si tilråding til at istandsettinga settast i gong.*

(...))»

Justering:

Underpunkt g) vert teken ut, då tilrådingar eller vedtak ikkje vert gjort av denne gruppa. Gruppa fungerer som eit forum for å utveksle informasjon mellom sakshandsamarar mellom dei ulike offentlege forvaltningsnivåa, og er ikkje eit organ som gjer sakshandsaming eller fattar vedtak.

Justeringar i tråd med føringar frå Riksantikvaren i deira reviderte retningslinjer våren 2016:

Punkt 9:

Gjeldande formulering:

«Tilsegn blir gitt for inneverande år, men gjeld ut det påfølgjande året. Ved overføring av ubrukte midlar til det same tiltaket det påfølgjande året må det på førehand orienterast skriftleg til Hordaland fylkeskommune, frist for dette blir gitt i tilsegnsbrevet.

Ved behov for forlenging av tiltaket, er det høve til å søke om å få forlenga tilsegn om tilskot. Søknadsfristen er den same som er spesifisert i punkt 3.»

Justering:

«Tilsegn blir gitt for inneverande år, men kan overførast til det påfølgjande året etter søknad til Hordaland fylkeskommune. Søknadsfristen er den same som er spesifisert i punkt 3. Etter to år fell tilskotet bort.

Dersom tilsegn berre delvis blir brukt i det året det er gitt for, er det høve til å søke Hordaland fylkeskommune om å få overføre ubrukte midlar til det same tiltaket det påfølgjande året. Søknadsfristen er den same som er spesifisert i punkt 3.»

Punkt 11:

Gjeldande formulering:

«11. Misleghald

Dersom tiltaket ikkje blir gjennomført skal midlane først attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling bli gjort om heilt eller delvis.»

Justering:

«11. Misleghald eller vesentlege avvik

Dersom tiltaket ikkje blir gjennomført skal midlane først attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling bli gjort om heilt eller delvis.

Vedtaket om tildeling kan bli heilt eller delvis gjort om dersom tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadene.

Dersom kostnadene viser seg å bli lågare enn budsjettert i søknaden, skal ubrukte midlar først attende til fylkeskommunen.»

Justeringar som gjeld rapportering og krav til revisjon

Tiltaka som får tilskot skal årleg levere inn ein skriftleg rapport med rekneskap.

I Riksantikvaren sine reviderte retningslinjer for våren 2016 har dei presisert å krevje særattestasjon grunna krava om revisjon. Fylkeskommunen legg seg på same line, men dette må sjåast i samanheng med kva som er relevant for Prosjekt Bryggen. Mellom anna finn ein det mest naturleg å berre be om årsmelding og årsrekneskap for prosjekta som får tilskot.

Punkt 10.2 og punkt 10.3

Gjeldande formulering:

«10.2. Tilskotsmottakar skal rapportere til fylkeskommunen slik:

- a. For tiltak som gjeld istandsetting og store sikringstiltak skal det rapporterast skriftleg minst to gongar i året. Det er utarbeida elektroniske rapporteringsskjema som skal nyttast. Nærare spesifiseringar for rapporteringa blir gitt i tilsegnsbrev og i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen».*
- b. For mindre sikringstiltak skal det rapporterast etter fullført arbeid. Dersom tiltaket strekk seg over meir enn eitt kalenderår, skal det i tillegg sendast inn årsrapport. Det er utarbeida elektroniske skjema.*
- c. For andre tiltak skal det rapporterast skriftleg minst ein gong i året. Her er det ingen eigen rapporteringsmal.*

- d. *For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapet. Nærare presiseringar blir gitt i brev om tilsegn og i gjeldande 'Retningsliner for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen'.»*

Justering:

10.2. *Tilskotsmottakar skal rapportere til fylkeskommunen slik:*

- a. *For tiltak som gjeld istandsetting og store sikringstiltak skal det rapporterast skriftleg ein gong i året. Det er utarbeida elektroniske rapporteringsskjema som skal nyttast. Nærare spesifiseringar for rapporteringa blir gitt i tilsegnsbrev og i gjeldande «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen».*
- b. *For mindre sikringstiltak skal det rapporterast etter fullført arbeid. Dersom tiltaket strekk seg over meir enn eitt kalenderår, skal det i tillegg sendast inn årsrapport. Det er utarbeida elektroniske skjema som skal nyttast. Nærare spesifiseringar for rapporteringa blir gitt i tilsegnsbrev.*
- c. *For andre tiltak skal det rapporterast skriftleg ein gong i året. Nærare spesifiseringar for rapporteringa blir gitt i tilsegnsbrev*
- d. *For tilskot på kr 300.000 eller meir, skal det sendast inn ein særattestasjon frå revisor på prosjektrekneskap og timelister knytt til prosjektet. For tiltak som strekker seg over fleire år, skal ein slik særattestasjon frå revisor sendast inn for kvart kalenderår. Nærare spesifiseringar blir gitt i tilsegnsbrev og i gjeldande 'Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen'.»*

Gjeldande formulering:

«10.3 Ved prosjektslutt for tiltak under PB-200 og PB-500 skal det leverast sluttrapport som skal innehalde:

(...)

- f) *For tilskot over 250.000,- skal det sendast inn revisorattestert rekneskap eller revisors beretning til rekneskapen. Nærare presiseringar blir gitt i tilsegnsbrev.»*

Justering:

«10.3 Ved prosjektslutt for tiltak under PB-200 og PB-500 skal det leverast sluttrapport som skal innehalde:

(...)

- f) *For tilskot på kr 300.000 eller meir, skal det sendast inn ein særattestasjon frå revisor på prosjektrekneskap og timelister knytt til prosjektet. Nærare presiseringar blir gitt i tilsegnsbrev.»*